Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
26/18963-1
Sakshandsamar
Heidi Bekkevold

Saksgang	**Møtedato**
Valnemnda	17.11.2026
Fylkestinget	02.12.2026

Val av medlemmer til Telemark ungdomsråd

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Følgjande seks medlemmer sit i Telemark ungdomsråd frå førre val, med eitt år att:
   - Adrian Hauge, Skien vidaregåande skule
   - Celina Lauvstad, Seljord ungdomsråd
   - Håkon Lutro, Kragerø ungdomsråd
   - Omid Rahimi, Skien ungdomsråd
   - Sindre Wårås, Skogmo vidaregåande skule
   - Viktoria Skaane Buaas, Porsgrunn ungdomsråd

2. Følgjande fem medlemmer blir valde inn i Telemark ungdomsråd for ein periode på to år:
   - Bertine Arnesen, Bamble ungdomsråd
   - Theo Melaas, Nome vidaregåande skule, avdeling Søve
   - Marte Straand, Kviteseid ungdomsråd
   - Christine Amalie Sverdsten, Telemark Toppidrettsgymnas
   - Sara Savovic, Elevorganisasjonen i Telemark

3. Følgjande blir valde som varamedlem for eitt år:
   (1) Magnus Norendal Bjellås, Skien ungdomsråd
   (2) Jonathan Rosenberg-Slot Skibsted-Larsen, Hjalmar Johansen vidaregåande skule
   (3) Milina Nader Abdukqadir, Siljan ungdomsråd
   (4) Emma Kristine Kasin, Notodden ungdomsråd

Bakgrunn og saksgang

Alle kommunar og fylkeskommunar har eit lovpålagt ansvar for å opprette ungdomsråd eller andre medverknadsorgan for ungdom. Dette kravet følgjer av kommunelova § 5-12.

Saka blir lagd fram for valnemnda, som gir innstilling til fylkestinget. Fylkestinget fattar endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

I denne saka er reglementet for Telemark ungdomsråd, vedteke av fylkestinget i sak 32/25, lagt til grunn for saksframstillinga.

Konstitueringa av ungdomsrådet skjer på det første ordinære møtet i 2027. I samsvar med reglementet for Telemark ungdomsråd skal rådet bestå av 11 medlemmer og 4 varamedlemmer. Rådet skal ha ein representant for lærlingane, og det skal arbeidast for å sikre ein representant frå oppfølgingstenesta. Medlemmene blir valde blant deltakarane på ungdomskonferansen, som blir arrangert kvar haust.

På ungdomskonferansen, som vart gjennomført i regi av Telemark ungdomsråd 12. og 13. oktober i år, vart det i samsvar med reglementet invitert:

- Representantar frå alle kommunale ungdomsråd
- Representantar frå alle elevråd ved de vidaregåande skulane
- Representantar frå lærlingerådet
- Representantar frå oppfølgingstenesta
- Representantar frå andre organisasjonar som representerer ungdom i fylket

Valprosessen ble gjennomført av ein valkomité. Det vart føretatt intervjurundar med 26 kandidatar. Dette resulterte i ei innstilling frå valkomitéen, der det vart teke særleg omsyn til kjønn, representasjon og geografisk fordeling. Valkomiteen si innstilling vart lagd fram for ungdomskonferansen. Deltakarane på konferansen kan fremje motkandidatar til innstillinga, noko dei også gjorde. Deltakarane på ungdomskonferansen røysta over kandidatane, med det førnemnde resultatet.

Val av medlemmer til ungdomsrådet skal følgje reglane om val i kommunelova, mellom anna kravet om kjønnsbalanse.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Kapittel 7 i kommunelova fastset dei juridiske rammene for val til folkevalde organ og kva som krevst for at vala skal gjennomførast på rett måte.

Forskrift om folkevaldes godtgjersle og velferdsgode for Telemark fylkeskommune set dei økonomiske rammene for fast godtgjersle til medlemmene i ungdomsrådet.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

Saka gjeld val av representantar til Telemark ungdomsråd og har ingen særskilde konsekvensar for klimamåla til fylkeskommunen eller berekraftsmåla til FN.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren har ingen kommentarar til valet, som er gjennomført i samsvar med lovene og retningslinjene som gjeld for val av medlemmer til Telemark ungdomsråd.

Vedlegg: